



**OSTERØY KOMMUNE**  
**Offentleg servicekontor - Intern drift**

Arbeids- og sosialdepartementet

|                                 |                   |
|---------------------------------|-------------------|
| Arbeids- og sosialdepartementet |                   |
| Saksnr.:<br>200503121           | Dok.nr.:<br>88    |
| Arkivkode:<br>416 0             | Dato:<br>16.11.05 |
| Avd.:<br>PRIO/SAP               | Saksbeh.:         |
| U.off.:                         |                   |

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
04/1452-12 ÅEM

Arkiv:  
N-320

Lonevåg  
14.11.2005

**HØYRINGSUTTALE: FORSLAG TIL NY LOV OM ARBEIDS- OG  
VELFERDSFORVALTNINGEN**

**Osterøy Kommune har erfaring frå samordna arbeids- og velferdstenester**

Osterøy Kommune har etablert arbeids- og velferdstenestene som del av offentlig servicekontor. Samarbeidet er bygd på premissane i NAV –reforma. Vår modell er tilpassa mellomstore kommunar med eitt kontaktpunkt til offentlege tenester. Vi er i dag samlokalisert og i stor grad samordna i mottak og planlegg samlokalisering/samordning av fagland 1.halvår 06. Offentleg servicekontor/NAV har felles administrativ leiar, samt fagleiar sosial og trygd. Partane har inngått samarbeids- og driftsavtaler og etablert eit driftsstyre med representantar frå statsetatane og kommunen. Vi har utarbeida felles handlingsplan for samarbeidet.

Brukarfokus, kompetanseheving og kulturbygging står sentralt og vi har satsa på høg kvalitet i førstelinja. Dette har gitt oss gode resultat og nøgde brukarar. Vi har hatt mange besøk og får stadig spørsmål frå mange kommunar vedrørende servicekontor og velferdstenester.

Etter vår meining er dette ei viktig og rett reform som både brukarar og tilsette ynskjer. Det er viktig for oss å kunne gi våre innbyggjarar eit godt tilbod lokalt. NAV kontor i kvar kommune skal bidra til dette og kompetansen må byggast lokalt.

**Kritiske suksessfaktorar**

Viktige suksessfaktorar for NAV er å setja brukaren i fokus gjennom gode lokale løysingar og ved å gi ansvar og mynde i førstelinja. Statsetat og kommune må vera likeverdige partar og ha felles ansvar for brukaren.

**Ansvar og mynde i førstelinja**

Ressursar bør i første rekke verta tilført førstelinjetenesta lokalt, ikkje til regionale ressurscenter. Skal førstelinja ha resultatansvar må lokale einingar få delegert mynde i større grad enn i dag. Vi er bekymra for statsetatane sine ønske om ei sentralisering av oppgåvene i NAV til større ressursentra. Dette vil gje ein ny "kasteballproblematikk" mellom ulike nivå og føra til ansvarspulverisering. Skal ein nå måla i NAV og oppfylle forventningane blant brukarane er førstelinja lokalt avgjerande, jfr. Kritiske suksessfaktorar.

Postadresse:  
5282 LONEVÅG Tlf: 56 19 21 00  
Org.nr. 864.338.712 Faks: 56 19 21 01

E-post:  
post@osteroy.kommune.no

Sakshandsamar:  
Åse Elin Myking  
Tlf: 5619 2224

### **Kommunale tenester**

For oss er det viktig å kunne innlemme heile sosialtenesta i NAV. Det bør vera opning for dette alternativ under 4.2.2.3, her er det gevinstar å hente både i kvalitet og kapasitet på tenesta. Grensesnittet til andre tenester som t.d. barnevern, bustadsosiale ordningar, helse og utdanning er det viktig å sjå på. For mellomstore kommunar som Osterøy vil det vera naturleg å integrere fleire tenester i arbeids- og velferdskontoret. Partane må ha vilje og mynde til å finna gode løysingar på lokalt nivå til beste for brukar.


### **Oppgåvedeling og organisering**

Det bør vera mogeleg for at stat og kommune kan utføra oppgåver for kvarandre der dette er tenleg. Det bør vera rom for lokale løysingar i organisering og leiing.

### **Økonomi**

Det er nødvendig med statleg midlar for å gjennomføre reforma i kommunane. Også i kommunane er de behov for midlar til kompetanseheving, kulturbygging m.m. Ressursar må i første rekke verta tilført det lokale nivå for å sikre best mogeleg tenester lokalt og koordinering av tiltak for den enkelte.

Med helsing

  
Åse Elin Myking  
leiar Offentleg Servicekontor

  
Torgeir Sæter  
Helse-og omsorgsleiar